

Fylkesmennene

Vår dato: 18.12.2015
Vår referanse: 15/69897- 1
Dykkar dato:
Dykkar referanse:

Belastningsfullmakt 2016 - landbrukspolitiske og reindriftspolitiske verkemidler

1. Innleiing

Landbruksdirektoratet har saman med fylkesmennene og kommunane ansvaret for å sette i verk viktige delar av den nasjonale landbruks- og reindriftspolitikken. Sentrale økonomiske landbrukspolitiske verkemiddel er delegert frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) til Landbruksdirektoratet. Landbruksdirektoratet har delegert oppgåver med forvaltninga av verkemidla vidare til fylkesmennene og kommunane.

I belastningsfullmakta gir Landbruksdirektoratet retningsliner for bruken og fordeling av økonomiske verkemiddel for 2016. Vi legg òg vekt på relevant informasjon om viktige endringar i verkemiddel og lovverk som har funne stad det siste året.

Landbruksdirektoratet vart oppretta i 2014 og fekk da ansvaret for verkemiddel innan jordbruk, skogbruk og reindrift. Oppgåver knytte til reindrift er lagt til dei fem nordligaste embeta; Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag. Brevet inneheld òg omtale av budsjettmidlar og særskilte tildelingar knytte til reindrift.

Dette brevet må sjåast i samanheng med endeleg tildelingsbrev til fylkesmannen for 2016 for budsjettkapittel 0525, fylkesmannen sin verksemde - og økonomiinstruks, og LMD sitt supplerande tildelingsbrev til fylkesmannen for 2016. I tillegg vil LMD sende supplerande tildelingsbrev knytt til driftsbudsjettet for fylkesmennene som har ansvar innan reindrift.

Landbruksdirektoratet Org.nr: NO 981 544 315 MVA www.landbruksdirektoratet.no postmottak@landbruksdirektoratet.no alta.post@landbruksdirektoratet.no	Oslo Postboks 8140 Dep NO-0033 Oslo, Norway Telefon: +47 24 13 10 00 Telefaks: +47 24 13 10 05 Besøksadresse: Stortingsgt. 28	Alta Postboks 1104 NO-9504 Alta, Norway Telefon: +47 78 45 70 20 Telefaks: +47 78 45 70 49 Besøksadresse: Løkkeveien 111-0301
--	---	---

2. Oversikt over vedlegg

Vedlegg 1 inneholder ei oppdatert oversikt over økonomiske og juridiske verkemiddel Landbruksdirektoratet har ansvar for, og som blir forvalta gjennom fylkesmennene og kommunane.

Vedlegg 2 syner den fylkesvise fordelinga av midlar til fylkesmannen innanfor dei ulike ordningane der fylkesmannen er gitt ei ramme – jord og skogbruk.

Vedlegg 3 gir ei oversikt over planlagde fagsamlingar for fylkesmannsembeta.

Vedlegg 4 inneholder fordeling av midlar over kap. 1142 post 45 og 71 – reindrift.

3. Kompetanseutveksling og informasjonsflyt

Landbruksdirektoratet ønsker å vidareutvikle samhandlinga med fylkesmennene, blant anna gjennom gjensidig utvikling av kompetanse, involvering i utgreiingsarbeid, samhandling om digitale tenester og forvaltningskontrollar.

Foreløpig plan for møter og fagsamlingar mellom fylkesmennene og Landbruksdirektoratet, er innarbeidd i oversikta som følgjer som vedlegg 3. Fagsamlingar på dei ulike fagområda blir derfor ikkje omtala nærmere i fullmaktsbrevet.

Landbruksdirektoratet ønsker å bruke FM-nett aktivt i kommunikasjonen med embeta. Dette inneber at fullmaktsbrevet, møteplanen, retningsliner, rundskriv og informasjon som kan vere til hjelp i sakshandsaminga hos fylkesmannen, fortløpande blir lagt ut på FM-nett. Dersom det er feil eller manglar i rundskriv, søknadsskjema, informasjonsmateriell mv., ber vi om at dette blir meldt Landbruksdirektoratet snarast mogleg.

Vi ber om tilbakemeldingar om behov for ytterlegare informasjon, utdjupingar og klargjering knytt til brev med belastningsfullmakter for 2016.

4. Innspel til jordbruks- og reindriftsforhandlingane

I forkant av dei årlege jordbruksoppgjera utarbeider Landbruksdirektoratet ei vurdering av dei økonomiske verkemidla over jordbruksavtalen. Landbruksdirektoratet vil involvere embeta i dette arbeidet. Fylkesmennene med ansvar for reindrift skal gi eit skriftleg innspel til Landbruksdirektoratet med forslag til forbeteringar i reindriftsavtalen. Fristen for slike innspel er 1.11.2016.

5. Belastningsfullmakter og delegering av midlar

5.1 Rammer for fullmaktene

Dei økonomiske rammene og retningslinene for verkemiddel og ordningar kjem fram i Prop. 1 S (2015/16) *Landbruksdepartementet*, Prop. 127 S (2014-2015) *Jordbruksoppgjøret 2014 – endringer i statsbudsjettet for 2015 m.m.* og Prop. 68 S (2014-2015) *Reindriftsavtalen 2015/2016*, og Stortingets behandling av desse, jf. Innst. 166 (2015-2016), Innst. 385 (2014-2015) og Innst. 255 (2014-2015).

Vi tek atterhald om eventuelle endringar som kan følgje av LMD sitt endelege tildelingsbrev til Landbruksdirektoratet.

5.2 Delegering av fullmakter

Landbruksdirektoratet delegerer gjennom dette brevet belastningsfullmakt til budsjettdisponering for enkelte tilskotsløyvingar innanfor LMD sitt område. Dette gjeld innanfor dei økonomiske rammene som er gitt for dei ulike tilskotsordningane, jf. vedlegg 2. Landbruksdirektoratet tek atterhald om eventuelle endringar i tildelinga som følgjer av endringar i budsjettet for 2016.

Fylkesmannen har ikkje høve til å overføre midlar mellom ulike ordningar. Dersom fylkesmannen har eit særskilt behov for å overføre midlar, må det på førehand hentast inn løyve frå Landbruksdirektoratet.

Landbruksdirektoratet ber fylkesmannen om å føre kontroll med at rammene ikkje blir overskridne, og at tilsegner (løyvde, utbetalte, inndregne og tilbakebetalte midlar) er registrert korrekt i fagsistema. Fylkesmannen må følgje opp arbeidsfristane for tilsegner registrerte i fagsistema. Fylkesmannen skal gå gjennom registreringane i fagsistema minst to gonger i året, innan 1.6 og 1.12, for å kontrollere at alle utbetalingane er førté.

5.3 Belastningsfullmakt for kap. 1142 post 01, post 45 og post 71

Kap. 1142 post 01 Driftsutgifter

Fylkesmannens utgifter knytt til oppgåver på reindriftsområdet blir dekt over kap. 1142 post 01. Rammene for driftsbudsjettet for fylkesmannen i Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Trøndelag på kap. 1142 post 01 for 2016, fastsettast i eget brev frå LMD. Landbruksdirektoratet ber fylkesmennene ta utgangspunkt i ramma for 2015 inntil nærmare avklaring føreligg frå LMD.

Kap 1142 post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Midlane over post 45 skal dekke utgifter til oppfølging av Noregs ansvar for grensegjerder, og oppfølging av reinbeiteavtaler i Rørosregionen. Posten skal i tillegg dekke ev. erstatningskrav frå finske styresmakter knytt til reinbeitekonvensjonen mellom Noreg og Finland, samt etablering av eit samla informasjonssystem for areal- og ressursovervaking for reindrifta.

Kap 1142 post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark

Formålet med løyvinga er å finansiere ulike tilpassingar og tiltak for å leggje til rette for ei berekraftig reindrift i Finnmark. Fylkesmannen i Finnmark får belastningsfullmakt på 800 000 kr til dekning av løn til reindriftsdirektøren.

Retningsliner

Fylkesmannen skal disponere midlane over kap. 1142 post 01, 45 og 71 slik at det er dekning for lønsutbetalingar og andre utgifter gjennom heile budsjettåret. Dette kan ev. gjerast ved omdisponering, innsparingar eller utgiftsreduserande tiltak. Det er ikkje høve til å overskride belastningsfullmakta på dei enkelte postane. Meirforbruk i 2016 må dekkast

av tildeling for 2017. Oppstår det uventa situasjonar som fører med seg store budsjettmessige konsekvensar, må Landbruksdirektoratet orienterast.

6. Forvaltning av økonomiske og juridiske verkemidlar

Omtala gjeld for alle juridiske og økonomiske verkemidel fylkesmannen har ansvar for, mellom anna reindrift, jordbruk, skogbruk og miljøverkemidla.

6.1 Fylkesmannens rolle

Fylkesmannen har det regionale forvaltningsansvaret for økonomiske og juridiske verkemiddel i landbruket. Det er viktig at desse blir handterte i tråd med gjeldane lovverk, og i samsvar med *Verksemnd- og økonomiinstruks for Fylkesmannen* og Reglement for økonomistyring i staten.

Landbruksdirektoratet legg til grunn at regelverk for dei ulike landbrukspolitiske verkemidla blir følgde opp i embeta i tråd med retningsliner og instruksar. Fylkesmannen må ha tilstrekkeleg juridisk kompetanse til å løyse oppgåvene på ein god måte. Ei solid forvaltning med tilhøyrande kontroll er nødvendig for å ivareta rettstryggleiken og likebehandling, samt å sikre legitimiteten til politikken og verkemidla, i tillegg til å oppretthalde tilliten til forvaltninga. Det er derfor viktig at fylkesmannen følgjer opp saker der det er mistanke om misleghald eller økonomisk kriminalitet. Fylkesmannen skal ha rutinar som sikrar førebygging og avdekking av slike saker.

6.2 Oppfølging av avvik

Fylkesmannen skal følgje opp avvik som blir avdekka under kontroll av søkerane med eigna reaksjonar, og vurdere om det ligg føre straffbare forhold. Straffbare forhold skal meldast til politiet. Fylkesmannen skal sjå til at kommunane følgjer opp avvik som blir avdekka under kontrollen av søkerane. Kommunane og fylkesmannen skal vurdere avkorting der det blir avdekka at det er gjeve feil opplysingar i søknad om tilskot og erstatningar. Fylkesmannen skal bruke erfaringar frå kontrollane til vidare utvikling og førebygging.

6.3 Krav til kontrollplan

Fylkesmannen skal utarbeide ein risikobasert kontrollplan som synar prioriteringa av kontrollressursane i 2016. Kontrollplanen skal utarbeidast i samsvar med rettleiinga frå Landbruksdirektoratet og krav til kontroll som følgjer av endeleg tildelingsbrev til fylkesmannen for 2016, fylkesmannens verksemnd- og økonomiinstruks og andre førande dokument som inneheld krav til kontrollomfang. Landbruksdirektoratet si rettleiing oppdaterast årleg. Rettleiinga for 2016 er ferdig utarbeida medio januar.

Fylkesmannen skal fortsatt bruke risikoverktøyet som ble introdusert av Landbruksdirektoratet, eller anna tilsvarande verktøy, som støtte ved val av kontrolltiltak. Landbruksdirektoratet legg til grunn at fylkesmannen òg prioriterer kontroll av tilskotordningane på reindriftsområde.

Kontrollplanen skal gjelde for alle områda omtalt i dette brevet. Kontrollplanen er ein del av fylkesmannen sitt internkontrollsysten. Vi ber om stadfesting innan 1.4.2016 på at planen er utarbeidd.

6.4 Kompetansehevande tiltak overfor kommunane

Landbruksdirektoratet erfarer at kommunane har eit kontinuerleg behov for opplæring og informasjon, og ber fylkesmannen følgje opp dette overfor kommunane.

Landbruksdirektoratet vil på vanleg måte vere til hjelp med faglege innlegg på samlingar. Fylkesmannen skal òg leggje til rette for at kommunane kan utveksle erfaringar.

6.5 Tilgang og registrering i fagsystema

Vi ber fylkesmannen vere spesielt merksam på informasjonstryggleik og brukaradministrasjon i fagsystema. Rutinar for endring og sletting av rettigheitar skal følgjast opp både for saksbehandlarar hos fylkesmennene og i kommunane. Fylkesmannen skal ha jammlege periodiske gjennomgangar av tilgangar, og minst ein årleg gjennomgang av brukartilgangane. Landbruksdirektoratet kan foreta kontroll av brukarar på regionalt eller kommunalt nivå, og be om stadfesting av at periodisk gjennomgang er gjennomført.

Det er viktig at organisasjonsnummer (unntaksvis personnummer) blir nytta ved registrering av utbetaling i fagsystem. Adresse som er registrert i Brønnøysundregistra skal nyttast.

7. Reindrift

7.1 Samhandling

Gjennom rolla som regional reindriftsstyresmakt, skal fylkesmannen leggje til rette for ei effektiv og kunnskapsbasert forvaltning av reindrifta. Godt samarbeid er avgjerande for å nå målet om ei berekraftig reindrift. Fylkesmannen skal derfor leggje til rette for dialog og samhandling med næringa.

Fylkesmannen skal arbeide med informasjonstiltak knytt til reindrifta, m.a. om arealbruken i reindrifta, utviklinga i næringa og dei sentrale verdiane som reindrifta tek vare på. Det er viktig å synleggjere dei positive sidene av reindrifta.

7.2 Ressursforvaltning

Fylkesmannen skal vurdere og kvalitetssikre grunnlagsdata i Melding om reindrift. Når reintal kan gje grunnlag for vedtak i Reindriftsstyret skal Landbruksdirektoratet varslast.

Landbruksdirektoratet vil vurdere om det skal tildelast ekstra ressursar knytt til kontroll av reintal.

Ved oppfølging av kap. 11 om sanksjoner i reindriftslova, skal fylkesmannen reagere raskt, og samarbeide med Landbruksdirektoratet om oppfølging av vedtak. Fylkesmannen skal prioritere dialog i arbeidet med å utarbeide og oppdatere bruksreglane. Bruksreglane sendast Landbruksdirektoratet fortløpande.

Fylkesmannen skal leie arbeidet i beredskapsutvala, og sørge for god dialog og samhandling med Mattilsynet knytt til beitesituasjonen og dyrevelferda. Landbruksdirektoratet vil i 2016 nedsette og leie ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom mandat og organisering av beredskapsutvala. Fylkesmannen må delta i arbeidsgruppa.

7.3 Tilstkotsforvaltning

Fylkesmannen skal forvalte tilskot til siidaandelar og tamreinlag, tilskot til reinbeitedistrikt og tilskot til kompensasjon og meirarbeid for økonomiske tap som følgjer av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt.

Det er viktig at fylkesmannen har gode rutinar for vedlikehald og kvalitetssikring av grunndata i fagsystemet.

Fylkesmannen skal ta i mot søknadar om tidlegpensjon og sjå til at grunnvilkåra er oppfylte, før søknaden blir sendt Landbruksdirektoratet.

8. Jordbruk

8.1 Produksjonstilskot og tilskot til avløsing ved ferie og fritid

Det blir utarbeidd oppdaterte rundskriv til søkerne om søknadsomgangane i januar og august 2016. Saman med forskrifter og rettleiingar gir desse ei detaljert omtale av sakshandsamingsrutinar og gjeldande regelverk, inkludert endringar som følgjer av jordbruksoppgjeret.

Fylkesmannen må legge vekt på sakshandsamingsrutinar, oppfølging og rettleiing av kommunane om regelverket for produksjonstilskot og tilskot til avløsing ved ferie og fritid, slik det er nærmere omtalt i eige rundskriv. Dersom fylkesmennene sender ut eigne rundskriv eller brev om regelverket til kommunane, skal Landbruksdirektoratet ha kopi av desse. Fylkesmannen har vidare ei rettleiings- og oppfølgingsrolle ovanfor kommunane knytt til nett-tenestene Wespa og Landbruksregisteret, for å sikre god sakshandsaming i kommunane. Fylkesmannen skal framleis arbeide med å auke talet på elektroniske søknadar.

Dersom fylkesmennene eller kommunane fattar vedtak om driftsfellesskap mellom to eller fleire mjølkeprodusentar, skal kopi av vedtaket sendast til Landbruksdirektoratet. Dette er av omsyn til Landbruksdirektoratet si oppfølging av kvoteordninga for mjølk.

8.2 Velferdsordningane

Tidlegpensjon for jordbrukarar

Fylkesmannen avgjer søkerne om tidlegpensjon. Det er viktig at fylkesmannen jamnleg kontrollerer om mottakarar av dei kvartalsvise utbetalingane av tidlegpensjon oppfyller vilkåra for utbetaling. Fylkesmannen må gå gjennom kontrollistene fra Landbruksdirektoratet for å sjå om mottakarar av tidlegpensjon har hatt andre inntekter som strider med utbetaling av tidlegpensjon. Fylkesmannen skal gjere nærmere undersøkingar der det er nødvendig. Om vilkåra for mottak av tidlegpensjon ikkje er oppfylt, skal brutto utbetalt tidlegpensjon krevjast tilbake. Vedtaket om tilbakebetaling skal sendast Landbruksdirektoratet, som sender faktura på kravet. Vi syner til nytt rundskriv om tidlegpensjon som gjeld frå 1.1.2016, og malar for førehandsvarsel og vedtak om tilbakebetaling

Tilskot til avløsing ved sjukdom og fødsel m.v.

Fylkesmannen skal registrere kommunane sine vedtak om utbetaling av tilskot i Saturn og behandle klager på vedtak fatta av kommunane. Fylkesmannen kan også gje dispensasjonar frå enkelte reglar i forskrifta. Dei siste retningslinene frå Landbruksdirektoratet inneber ei

innstramming i dispensasjonspraksis. Fylkesmannen skal heretter sende Landbruksdirektoratet kopi av alle vedtak der dispensasjon blir innvilga. Unntaket frå dette er sakar der det blir gjeve dispensasjon frå kravet til næringsinntekt for åra føre oppstart til nystarta brukarar. Når fylkesmannen gjennomfører kontroll av kommunane si forvaltning av ordninga, skal kopi av kontrollrapporten sendast Landbruksdirektoratet.

Tilskot til landbruksvikarverksemد

Fylkesmannen skal behandle søknadane frå avløysarlaga og fordele tilskotsmidlane i tråd med retningslinene i rundskrivet for ordninga. Frå 2016 blir det berre ei rapportering frå fylkesmannen til Landbruksdirektoratet knytt til ordninga. Fristane for og kravet til rapporteringa frå avløysarlaga til fylkesmannen er dei same som før.

8.3 Regulering av svine- og fjørfeproduksjonen (husdyrkonsesjon)

Fylkesmennene er førsteinstans i husdyrkonsesjonssaker, og skal kontrollere at husdyrkonsesjonsregelverket blir følgd. Så snart relevante opplysingar frå 2015 er tilgjengelege i Landbrukets informasjonsbase (LIB), sender Landbruksdirektoratet ut eit eige kontrollrundskriv. I denne kontrollen skal fylkesmennene ta utgangspunkt i rapportane Landbruksdirektoratet har utarbeidd for dette saksområdet. Føremålet med den årlege kontrollen er å sikre at produsentane overheld konsesjonsgrensene. I tillegg skal det ved behov utførast grundigare kontollar med mål om å avdekke driftsfellesskap, eller brot på regelverket som ikkje kjem fram av LIB-rapportane.

Landbruksdirektoratet har laga eit generelt rundskriv som inneheld informasjon om dei aktuelle reglane. Det generelle rundskrivet blir berre oppdatert ved behov. Det er òg utarbeidd ei rettleiing både for gjennomføring av stadlege kontollar, og ei rettleiing for behandling av klagesaker som skal sendast Landbruksdirektoratet.

8.4 Reisetilskot til veterinærar sine sjuke- og inseminasjonsbesøk

Fylkesmannen skal som ein del av sakshandsaminga kontrollere eit utval søknader og søknadsopplysningar i kvar søknadsomgang. Omfang og kriteria for utval vil bli nærmere presisert i rundskriv om ordninga.

8.5 Tilskot til kommunale veterinærtenester

Frå 1. januar 2016 blir det innført enkelte endringar i ordninga. Landbruksdirektoratet overtek mellom anna dei oppgåvane KS har hatt. Dette inneber at Landbruksdirektoratet fastset vaktinndeling og fordeler vakt- og administrasjonstilskot mellom vaktområda. Fylkesmannen må rekne med å bidra i dette arbeidet. Landbruksdirektoratet fattar vedtak om vakt- og administrasjonstilskot, og vil sende tilskotsbrev til kommunane. Fylkesmannen skal framleis anvise utbetaling i Saturn.

Landbruksdirektoratet har òg fått fullmakt til å bestemme kva for fylke som kan få stimuleringstilskot. Fylkesmannen prioriterer kva for kommunar som kan få tilskot.

8.6 Erstatningsordningane i landbruket

Skader grunna klima

I samband med Landbruksdirektoratet sitt innspeil til statsbudsjettet, skal fylkesmannen prognosere erstatningsomfanget i juni/juli og i september. Landbruksdirektoratet ber om fleire prognosar ved behov. Vi understrekar behovet for nøkterne og realistiske prognosar.

ELF – fagsystem for erstatningsordningane

Landbruksdirektoratet har som mål å oppnå raskare utbetalingar, betre prognosar og å publisere statistikk på eit tidlegare tidspunkt. For å oppnå dette ber Landbruksdirektoratet fylkesmannen om å bidra til å auke talet på elektroniske søknadar, og om å registrere inn saker i ELF fortløpande under alle erstatningsordningane.

Ny kompensasjonsordning for produksjonstap ved MRSA

Forskrift om kompensasjon for produksjonstap ved påvising av MRSA i svinebesetningar tråtte i kraft 26. juni 2015. Erstatning for saneringsutgifter og tap av dyr blir gitt etter forskrift om erstatning etter offentleg pålegg av 2004. Den nye forskriften hjemlar kompensasjon for ytterlegare tap. Fylkesmannen er vedtaksmyndigheit. Vedtaket skal sendas dyreeigar med kopi til Landbruksdirektoratet, som utbetalar kompensasjon.

9. Skogbruk

9.1 Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar

For 2016 er det avsett 17 mill. kr til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar. Fylkesmennene tildeler midlane til prosjekt på grunnlag av handlingsplanar/ hovudplanar. Det er derfor viktig at desse blir oppdatert fortløpande. Samla innmeldt behov er større enn avsett ramme. Ved årets tildelingar er prosjekter som kjem til utbetaling i nærmeste framtid prioritert. Prosjekter som er under arbeid vil bli prioritert ved neste års tildeling. Landbruksdirektoratet vil vurdere status for midlane til skogbruksplanlegging i august/september 2016. Det kan bli aktuelt å trekke tilbake tilskot som ikkje er disponert til skogbruksplanprosjekt.

Fylkesmannen skal sjå til at kopi av data som blir samla inn, blir sendt til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Sluttutbetaling av tilskot skal ikkje skje før prosjekta er avslutta og alle data er leverte. Landbruksdirektoratet ber om at pågående prosjekt blir gjennomgått med sikte på raskare gjennomføring og raskare overlevering av data til den sentrale basen hos NIBIO. Prosjektrapportering skal skje i den nye programmodulen i ØKS.

9.2 Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

I statsbudsjettet for 2016 styrker regjeringa satsinga på infrastruktur i skogbruket. Det er eit stort behov for midlar til opprusting og bygging av nye skogsvegar. Det er avsett totalt 124 mill. kr til vegbygging og drift med taubane, hest o.a. i 2016. Av løvvinga er 104 mill. kr over LUF og 20 mill. kr over statsbudsjettet.

Fylkesmannen får tildelt ei ramme på 113 mill. kr. I tillegg er det avsett 11 mill. kr sentralt dersom fylka får behov for ekstra midlar til vegbygging. Innanfor den fylkesvise ramma skal langsiktige veginvesteringar prioriterast framfor driftstilskot. Vedtak om tilskot til taubane og drift skal innehalde nødvendige vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet.

Fylkesmannen skal følgje opp at planlegging av vegprosjekta blir gjennomført, at byggeprosjekta blir følgde opp undervegs i anleggsperioden og at sluttkontroll blir gjennomført. Endringar i klima og bruk av tyngre køyretøy stiller auka krav til vegen si utforming og bereevne. Landbruksdirektoratet legg til grunn at byggeplanar blir utarbeidd ved bygging og utbetring av skogsbilvegar, jf. regelverk og retningsliner på

søknadsskjema. Tilskotsmidlane kan også nyttast til utbetring av flaskehalsar, men ikkje til ordinært vedlikehald.

For 2016 er det avsett 73 mill. kr til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak, som blir forvalta av kommunane. Midlar som blir forvalta av kommunane skal prioriterast ut frå tiltaksstrategiar i kommunane. Grunna auka hogst er det framleis behov for skogkultur, men tilskotsramma er knapp. Fylkesmannen må syte for at kommunane sine tiltaksstrategiar tar høgde for dette gjennom nøyne prioritering av tilskotsatsar og -tiltak. Skogfond kan nyttast som alternativ finansieringskjelde.

For tiltak til skogkultur, miljøtiltak og andre tiltak, finansiert med tilskot eller skogfond, skal kommunane kontrollere at tiltaka er gjennomførde i tråd med føresetnadane. Minimum 10 prosent skal kontrollerast. Fylkesmannen skal følgje dette opp ovanfor kommunane.

9.3 Skogfond

Fylkesmannen skal framstille revidert rekneskap for avsetnad og bruk av skogfonds-midlane, og rentene av fondet. Rekneskapet skal vere ferdig innan 1.2.2016, medan revisjon skal være avslutta og kopi av revisjonsberetninga skal sendas Landbruksdirektoratet innan 1.7.2016.

Fylkesmannen skal sørge for at utbetalingane frå skogfond går fortløpande utan utsettingar. Fylkesmannen bør rette ei tilsvarende oppmading til kommunane når det gjeld handsaminga av utbetalingskrava frå skogeigarane.

Landbruksdirektoratet skal utarbeide nye retningslinjer for revisjon av skogfondsrekneskapet. Rutinane vil vere tilgjengeleg seinast 1.2.2016, og Landbruksdirektoratet legg til grunn at desse blir følgde ved utarbeiding av revisjonsrapportane for 2015-rekneskapet.

9.4 Tilskot til tettare planting og gjødsling som klimatiltak

Frå 2016 er det etablert ei tilskotsordning for tettare planting på eksisterande skogarealer og ei tilsvarende ordning for gjødsling av skog. Det er avsett 27 mill. kr til desse tiltaka. Landbruksdirektoratet arbeider med forskrift og retningsliner knytt til ordningane, og vil kome tilbake med fordeling av midlane i eget brev.

9.5 Tømmerkaiar

Det er i 2016 avsett 46,175 mill. kr til utbygging av tømmerkaiar som vil bli disponert av Landbruksdirektoratet. Fylkesmannen må rekne med å hjelpe til med prioritering av søknadar og oppfølging av prosjekt.

9.6 Kystsogbruksprosjekta

Det er avsett 3,5 mill. kr til fylka som inngår i Kystsogbruksprosjekta i 2016. Dette er ei auke på 1 mill. kr. Landbruksdirektoratet legg til grunn at dei fylkesovergripande prosjekta blir vidareførte og at infrastrukturtiltak som skogsveger og tømmerkaier har hovudprioritet. Midlane blir utbetalte frå Landbruksdirektoratet til fellesprosjekt i samsvar med den prioriteringa fylkesmennene er samde om.

9.7 Tilskot til planting på nye areal som klimatiltak

På Klima- og miljødepartementet (KLD) sitt budsjett er det avsett 15 mill. kr til vidareføring av pilotprosjektet «planting av skog på nye areal som klimatiltak». Tilskotet gjeld fylka Rogaland, Nord-Trøndelag og Nordland. Tilskotet skal forvaltast av kommunane og prioriterast ut frå tiltaksstrategiar. Fylkesmannen må følgje opp prosjektet på grunnlag av eigne brev frå Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet.

9.8 Forvaltningsrutinar for registrering i ØKS

All registrering av rammer for løyving blir lagt inn i ØKS av Landbruksdirektoratet. Rammer for kommunale tilskot eller fondstilskot, og fordeling av dei kommunale NMSK-midlane, skal registrerast av fylkesmannen.

Fylkesmannen skal sjå til at kommunane brukar løysinga for rapportering, kartfesting og ferdigmelding av nye skogsvegar i ØKS. Fylkesmannen har frist til 31.12.2016 for oppdatering i ØKS.

10. Jordbrukets miljøverkemidlar

10.1 Klima- og miljøprogrammet

Det er løyvd 18 mill. kr til Klima- og miljøprogrammet for 2016. Tema i programmet er klimatilpassing, klimagassutslepp, forureining, naturmangfold og kulturminne i kulturlandskapet. I budsjettmøte med avtalepartane 27.08.2015 vart det bestemt at 6 mill. kr skal gå til fylkesvise tiltak. Ramma er mella anna fordelt ut frå innmeldte behov.

Vi gjer merksam på at ramma for 2016 er 2 mill. kr lågare enn ramma som blei fordelt i 2015. Vi viser til fullmaktsbrevet for 2015 der det er gjort greie for årsak til og føresetnader for den midlertidige auka ramma for 2015.

Sentrale retningsliner for ordninga ligg på Landbruksdirektoratet sine nettsider. Retningsliner som fylkesmannen utarbeider for ordninga skal ligge innanfor ramma av dei sentrale retningslinene. Fylkesmannen kan innanfor desse rammene velje å prioritere einskilde tema eller prosjektypar. Dette skal gå fram av kunngjeringa.

Landbruksdirektoratet minner om krava knytt til kunngjering og retningsliner. Forvalningslova og økonomireglementet skal følgjast i forvaltninga av ordninga og ved utforming av vedtaksbrev.

Ved rapportering og innmelding av behov på ordninga for 2017 ber vi fylkesmennene sette opp ein kortfatta oversikt over søker, prosjekttittel/innhald og ev. løyvd beløp for dei respektive søknadene i 2016.

10.2 Regionalt miljøprogram (RMP)

Fylkesmannen skal vidareføre RMP i tråd med godkjent miljøprogram, og har ansvar for å informere og rettleie kommunar og søkerar om regionale miljøtilskot. Landbruksdirektoratet vil gi føringar for rutinar og forvaltning knytt til RMP og eStil i rundskriv. For 2016 vil rutinar for kontroll og avkorting bli vektagde. Fylkesmannen skal lage sakshandsamingsrundskriv for RMP-tilskot til kommunane, og sende kopi til Landbruksdirektoratet.

Etter tilråding frå arbeidsgruppa som gjorde ein gjennomgang av miljøverkemidla i jordbrukspolitikken blei det bestemt i jordbruksoppgjeret at desse tiltaka skal avviklast i RMP frå 2016:

- Tilskot til lett haustharving
- Tilskot til ingen/utsett jordarbeiding i erosjonsklasse 1 og 2 innanfor nedbørfelt der vassdraget ikkje er prioritert
- Tilskot til stubb i område med jordtap (eiga ordning i Nordland)

Tiltaka skal avviklast frå og med søknadsåret 2016 (utbetaling i 2017).

Landbruksdirektoratet vil ta ut tiltaka frå den sentrale menyen før komande søknadsomgang. Midlane som blir frigjorde som følgje av avvikling av dei nemnde tiltaka, skal disponererast til tiltak for å redusere utslepp til luft og til vatn.

Fylke som ikkje har prioriterte område for avrenningstiltak i sitt miljøprogram, det vil seie der alt areal er klassifisert som «andre område», må gjere ein gjennomgang og prioritering av vassområde. Prioriteringa skal gjerast i samsvar med rammene som er sette i Nasjonalt miljøprogram 2012. Det er naturleg at fylkesmannen drøftar omprioriteringane som følgje av denne endringa med faglaga.

Det vil frå 2016 bli ei nasjonal tilskotsordning for bevaringsverdige husdyrrasar. Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar vil samstundes bli teke ut av RMP-menyen.

Landbruksdirektoratet vil kome tilbake med nærmere informasjon når tilskotsordninga er ferdig utforma.

For å leggje til rette for ei best mogeleg samordning med den forvaltningsløysinga for produksjonstilskot som no blir utvikla, er inneverande RMP-periode (2013-2016) forlenga til å gjelde ut 2017. Som ledd i sitt arbeid med rullering av det regionale miljøprogrammet bør fylkesmannen gjere ei evaluering av erfaringar og resultat frå føregående periode. Erfaringa med eStil er at mange søkerar har opplevd vanskar med skjemaet i Altinn. Landbruksdirektoratet vil derfor frå komande søknadsomgang gjere endringar i skjema. Vi vil kome tilbake med nærmere informasjon om dette.

10.3 Utvalde kulturlandskap og verdsarvområda

For 2016 er det løyvd til saman 12 mill. kr til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, med 6 mill. kr over jordbruksavtalen og 6 mill. kr over KLD sitt budsjett. I tillegg er det løyvd 3 mill. kr over jordbruksavtalen til verdsarvområda Vega og Vestnorsk fjordlandskap.

Landbruksdirektoratet vil, saman med Miljødirektoratet og Riksantikvaren, fordele midlar for 2016 i eit eige brev.

Fylkesmannen skal koordinere arbeidet med dei utvalde kulturlandskapa i jordbruket på regionalt nivå, oppretthalde dialogen med lokale aktørar og sjå til at skjøtsel og andre tiltak blir fagleg kvalitetssikra. Fylkesmannen må krevje tilbake tilseigner i prosjekt der arbeidsfristane er gått ut.

I samband med ny forskrift i 2016 må fylkesmannen sjå til at overordna planer for utvalde kulturlandskap er oppdaterte og legg til rette for ein god utvikling. Planlegging og gjennomføring av gode tiltak, profilering og synleggjering av resultata og arbeid med områdespesifikke mål, skal prioriterast. I tillegg skal fylkesmannen leggje til rette for at de

utvalde kulturlandskapa blir brukt som grunnlag for landbruksbasert næringsutvikling. Verdsarvsatsinga over LUF skal framleis sjåast i samanheng med KLD og KMD sine midlar til verdsarvområda.

10.4 Tilskot til utsiktsrydding i kulturlandskapet

For 2016 er det løyvd 20 mill. kr til ei ny tilskotsordning til utsiktsrydding i kulturlandskapet. Ordninga gjeld i fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland. I fyrste kvartal av 2016 vil forskrift for ordninga bli sett i verk. Fordeling av midlar til fylka vil Landbruksdirektoratet komme tilbake til i eige tildelingsbrev når forskrifta ligg føre.

10.5 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

For 2016 er det løyvd til saman 95 mill. kr over jordbruksavtalen til SMIL, ekskludert drenering. I 2016 vil det kome mindre justeringar i regelverket. Freda bygningar vil ikkje lenger omfattast av regelverket, mens verneverdige bygningar framleis vil vere berettiga tilskot.

Fylkesmannen skal medverke til at kommunane prioritatar dei tiltaka som har best effekt for miljøet. Fylkesmannen skal òg medverke til ei aktivitetsfremjande forvaltning av midlane, og at det i kommunanes tiltaksstrategiar kjem fram korleis SMIL og RMP kan sjåast i samanheng. I nokre fylke er det framleis for mange tiltak med utgått arbeidsfrist. Fylkesmannen må sjå til at kommunane tek tilbake tilseigner i prosjekt der arbeidsfristane er gått ut og fordelar midlane til kommunar som har god gjennomføringsevne.

10.6 Tilskot til drenering

Det er avsett 80 mill. kr til tilskot til drenering for 2016. I tillegg kjem udisponerte midlar overført frå 2015. Forskrifta om tilskot til drenering vill bli endra slik at det frå 2016 òg kan gjevast tilskot til planerte areal som ikkje er drenert tidlegare. Rundskriv 2013-5 omhandlar forvaltninga av ordninga. Erfaringane hittil er at det er stor variasjon mellom fylka når det gjeld interessa for å gjennomføre dreneringstiltak. For å motivere til auka dreneringsaktivitet har fylkesmannen ei viktig rolle når det gjeld å formidle informasjon og rettleiing om ordninga.

Fylkesmannen skal inndra ubrukte midlar ved årsslutt, og fordele desse til kommunane på nytt saman med ramma for neste år. Landbruksdirektoratet har ikkje fordelt heile ramma på fylka. Bakgrunnen for dette er at ikkje alle midlane for 2015 er disponerte. Det er derfor høve til å få tildelt midlar frå sentralt avsett pott i løpet av 2016. Fordelinga av midlane til kommunane bør ta utgangspunkt i oppdaterte tal for fulldyrka areal, der korn-, grønsaks- og potetareal gis dobbel vekt.

10.7 Tilskot til tiltak i beiteområde

Samla ramme for 2016 er 9 mill. kr. Fylkesvis fordeling går fram av vedlegg 2. I tillegg til investeringsstøtte til tradisjonelle fellestiltak, kan det innanfor ordninga nyttast midlar til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr. I rovdyrutsette område må dette sjåast i samanheng med bruk av tilskotsmidlar til førebyggjande tiltak over KLD sitt budsjett. Forutan faste installasjonar på beite, kan fylkesmannen òg prioritere investeringsmidlar til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt for ein mest mogeleg effektiv og konfliktfri bruk av beiteområda.

Ved rapportering og innmelding av behov på ordninga for 2017, ber vi fylkesmennene sette opp ein kortfatta oversikt over søkar, prosjekttittel/innhald og ev. løyvd beløp for dei respektive søknadene i 2016.

10.8 Oppfølging av vassforskrifta

Vassforvaltningsplanane for 2016-2021 omfattar alle vassområde i landet, og vil bli godkjende i løpet av mars 2016. Samtidig startar neste planleggingsperiode, for forvaltningsplan 2022-2027. Arbeidet med vassforskrifta vil derfor føregå i to ulike fasar, både oppfølging av vedtekne planer og arbeid med nye planer for neste periode. Fylkesmannen har viktige oppgåver når det gjeld landbruk i begge desse fasane.

Fylkesmannen må vurdere tiltak og legge til rette for nødvendig tiltaksgjennomføring, seinast innan 2019. Prioritering av midlar innanfor RMP og SMIL må medverke til gjennomføring av målretta tiltak. Innsatsen skal prioriterast for ei kostnadseffektiv gjennomføring.

I arbeidet med nye planar er det viktig at landbruksforvaltinga deltek i størst mogleg grad i alle delar av arbeidet. Fylkesmannen har eit ansvar for at landbruksfagleg kunnskap og kompetanse blir trekt inn i arbeidet, gjennom involvering og medverknad. Dette er viktig mellom anna ved karakterisering av vassførekomstar og ved fastsetjing av miljømål, slik at utgangspunktet for tiltaksgjennomføringa blir så rett som mogleg, og at det blir fastsett realistiske miljømål.

NIBIO har i oppdrag å lage et kartverktøy for å lette arbeidet med kvalitetssikring av data om jordbrukspåverknad i Vann-Nett. Fylkesmannen vil få tilbod om å ta dette i bruk når det er ferdig i 2016.

10.9 Utviklingstiltak innan økologisk landbruk

Fylkesmannen har ei viktig rolle som pådriver for utvikling av økologisk landbruk. Den tidlegare løyvinga til fylkesvise handlingsplanar blei frå 2014 lagt innafor rammene av dei fylkesvise BU-midla. Det blir lagt til grunn at fylkesmannen vidarefører arbeidet med økologisk landbruk.

Ramma til utviklingstiltak innan økologisk landbruk er 30 mill. kr i 2016. Midlane er fordelt mellom føregangsfylkesatsinga og andre nasjonale utviklingsprosjekt etter dialog med avtalepartane.

Om lag 15 mill. kr er fordelt til føregangsfylkesatsinga. Dei seks føregangsfylka skal samarbeide med andre fylke, samle erfaringar, informere og formidle kunnskap til aktuelle målgrupper. Landbruksdirektoratet vil sende eige brev til dei aktuelle embeta med tildeling av midlar og retningsliner for forvaltning av midlane.

Norsk landbruksrådgiving (NLR) fekk i jordbruksoppgeret ei særskilt oppgåve med å drive rådgiving og intensivere innsatsen for å rekruttere nye økologiske produsentar.

11. Arealressursar

11.1 Areal- og samfunnsplanlegging

Planlegging etter plan- og bygningslova er det viktigaste verkemiddelet for å ta vare på god matjord og sikre verdifulle jordbruksareal for framtidig matproduksjon, samt ivaretaking av arealinteressene for reindrifta. Fylkesmannen må gjennom god dialog med kommunen, tidleg i planprosessen, synleggjere om planen kan få følgjer for nasjonale mål innan landbruks- og matpolitikken. Fylkesmannen skal fremje motsegn dersom nasjonale og viktige regionale interesser ikkje blir tekne vare på i tilstrekkeleg grad.

Fylkesmannen skal vidareutvikle arenaer for dialog med regionale og lokale aktørar i arealpolitikk og samfunnsplanlegging, og legge til rette for god erfaringsutveksling mellom kommunane.

Fylkesmannen må, der det er relevant, sjå til at føresegne i naturmangfaldlova blir følgde opp ved behandling av saker etter landbruket sine sektorlover. Fylkesmannen skal ta vare på landbruksomsyna i prosessane med utveljing av prioriterte artar og utvalde naturtypar.

Fylkesmannen må vidare sjå til at konsekvensane for landbruk og reindrift er godt dokumenterte og følgde opp i planar og einskildsaker etter energilova, naturmangfaldlova og kulturminnelova.

Jordvern

Fylkesmannen må følgje opp innhaldet i Jordvernstrategien som blei behandla på Stortinget 8.12.2015, der det mellom anna blei vedtatt eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av dyrka mark til 4000 dekar innan 2020.

Fylkesmannen må medverke til at kommunane og fylkeskommunane etablerer eit kompakt utbyggingsmønster som styrer vekst og utbygging vekk i frå dei viktigaste jordbruksareala. Fylkesmannen skal medverke til at kommunane etablerer langsigktige utbyggingsgrenser mot dei viktigaste landbruksareala, og stille krav om effektiv utnytting av eksisterande og planlagde utbyggingsområde. Fylkesmannen må vere påpasseleg med å krevje at kommunen greier ut alternativ til bruk av dyrka mark i planprosessane, blant anna potensialet for fortetting og transformasjon.

Fylkesmannen skal bidra til at kommunane rapporterer i KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering) og bruke KOSTRA-tala i dialogen om areal- og ressursbruken i kommunane. Fylkesmannen må støtte Landbruksdirektoratet og SSB med å vurdere dei førebelse KOSTRA-tala som kjem i mars 2016.

Sikring av reindriftas arealbehov

Fylkesmennene skal bidra til å sikre reindriftas arealbehov. Det er derfor viktig at fylkesmannen implementerer reindriftas arealinteresser i sin dialog med kommunane som planmyndigkeit.

Fylkesmannen skal sjå til at alle reinbeitedistrikt oppdaterer distriktsplanar. Distriktsplanane dannar eit viktig grunnlag for kommunale og fylkeskommunale planleggingsprosesser.

Fylkesmannen skal førebu søknader om gjeterhytter, gjerder og anlegg, og skal følgje opp med kontroll av anlegget etter vedtak. Fylkesmannen skal følgje opp at ulovleg gjerder og

anlegg blir fjerna. Landbruksdirektoratet tek sikte på å nedsette og leie ei arbeidsgruppe som skal gi tilråding om ein framdriftsplan med prioritering av område for kartlegging av ulovlege anlegg. Fylkesmannen må delta i arbeidsgruppa.

Landbruksdirektoratet har inngått samarbeid med NIBIO for å få digitalisert reindrifta sitt arealbrukskart. Landbruksdirektoratet vil ha ei koordinerande rolle og vere ansvarleg eigar av kartdatabasen. Fylkesmannen skal saman med Landbruksdirektoratet utvikle rutinar for ajourføring og sikre nødvendig kvalitet av stadfesta data.

11.2 Oppdatering av Arealressurskart (AR5)

Fylkesmannen skal sjå til at rutinane som er etablert gjennom Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) knytt til vedlikehald av markslagskart (AR5), blir følgde opp. Fylkesmannen må følgje opp kommunane sitt arbeid med ajourhald av karta og sette i verk tiltak ved manglande leveransar. Dette er særsviktig å oppretthalde kvaliteten på arealopplysningane både i AR5 og i Landbruksregisteret. Landbruksdirektoratet syner til rundskriv 27/2012, der informasjon om kart- og arealopplysingar blir omtala. Fylkesmennene skal i samarbeid med NIBIO planlegge kurs for kommunane.

Fylkesmannens landbruksavdeling skal gi innspel til NIBIO om behov for kontantmidlar i Geovekst-prosjekter, samt fylle ut rekneskapsskjema. Fylkesmannen skal saman med Geovekst-partane i fylket, vurdere når det er aktuelt å gjennomføre eit nytt periodisk ajourhald.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Geir Grønningsæter
direktør

Aud-Ingrid Krefting
seksjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakere:
Fylkesmannen i Aust-Agder
Fylkesmannen i Buskerud

Mottakere:

Fylkesmannen i Finnmark
Fylkesmannen i Hedmark
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Møre og
Romsdal
Fylkesmannen i Nordland
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Oslo og Akershus
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Fylkesmannen i Telemark
Fylkesmannen i Troms
Fylkesmannen i Vest-Agder
Fylkesmannen i Vestfold
Fylkesmannen i Østfold

Kopi til:

Landbruks- og matdepartementet	Postboks 8007 Dep	0030	OSLO
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Riksrevisjonen	Pb 8130 Dep	0032	OSLO

Vedlegg:

Vedlegg 1 Virkemidler
Vedlegg 2 Fylkeskvoter
Vedlegg 3. Møteplan
Vedlegg 4 kap 1142 post 45 og 71

Fra: Lundamo, Berit[Berit.Lundamo@landbruksdirektoratet.no]

Dato: 18.12.2015 16:03:26

Til: FMNO Postmottak Fylkesmannen i Nordland

Tittel: Belastningsfullmakt 2016 - landbrukspolitiske og reindriftspolitiske verkemidler

Se vedlagte saksdokumenter.

Verkemiddel som vert forvalta gjennom fylkesmann (FM) og kommune (KOM)
Vedlegg 1


Verkemiddel		Målgruppe	Heimelsgrunnlag	Vedtaksmynne, 1. Instans	Utbetalar	Klageinstans
Lovforvaltning	Lov om regulering av svine- og fjørfeproduksjon	Jordbruksføretak	Lov med forskrift	FM		Ldir
	Jordlova med nydyrkingsforskrifta, konsesjonslova, odelslova, skogbrukslova	Jordbruksføretak og andre	Lover med forskrifter	KOM/FM		FM/Ldir
Direkte tilskot	Areal- og kulturlandskapstilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til dyr på utmarksbeite	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til dyr på beite	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til husdyr	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Driftstilskot i mjølke- og kjøttfeproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Utviklingstiltak for geit/Friskare geiter - kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot og avløysartilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til lammeslakt	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Tilskot til veteranære reiser	Reisetilskot ved veteranærers syke- og inseminasjonsbesøk	Husdyrprodusentar som nyttar seg av veteranærtenester	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Tilskot til kommunale veteranærtenester	Stimuleringstilskot	Kommunar	Rundskriv	FM	FM	-
	Vakt og administrasjonstilskot til kommunale veteranærtenester	Kommunar	Rundskriv	Ldir	FM	-
Velferdstiltak	Tilskot ved avløsing ferie og fritid	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot ved sjukdom og fødsel m.v	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tidlegpensjon for jordbrukarar	Pensjonerte jordbrukarar	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til landbruksvikarverksam	Avløysarlaga	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Tilskot til grønt- og potetproduksjon	Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønnsaker	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Distrikttilstskot for potetproduksjon av matpotet dyrka i Nord-Norge	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Erstatningar etter klimabetinga skadar	Erstatning for avlingssvikt	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for svikt i honningproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Erstatningar etter offentleg pålegg og restriksjonar	Erstatning etter offentleg pålegg som følge av planteskadegjerarar	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning etter offentleg pålegg om nedslakting av husdyr	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning etter frivillig nedslakting av sauebesetning pga. sjukdomane mædi og skrapesjuke	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for tap av tilskot i ein pålagt opphaltsperiode	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for nedføringskostnadar som følge av radioaktivitet	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Erstatning for flytterestriksjonar på bier	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Kompensasjon for produksjonstap ved MRSA	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir

Verkemiddel		Målgruppe	Heimelsgrunnlag	Vedtaksmynne, 1. Instans	Utbetalar	Klageinstans
Kompensasjon - bruk av utmarksbeite	Kompensasjon ved restriksjonar i bruk av utmarksbeite grunna rovvilt	Jordbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Reindrift	Tilskot til siidaandeler og tamreinlag	Ledere av siidaandeler	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til reinbeitedistrikter og tamreinlag	Reinbeitedistrikter	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Kompensasjon for utgifter, merarbeid og økonomiske tap som følge av tiltak mot radioaktivitet i reinkjøtt	Reinbeitedistrikter, siida og tamreinlag	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Skogbruk	Skogfond	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	FM	FM
	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket -	Skogbruksføretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket -	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar	Skogbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til planting på nye areal som klimatiltak	Jordbruks- og skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til tettare planting og gjødsling som klimatiltak	Skogbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
Næringsutvikling	Fylkesvise utrednings- og tilretteleggingsmiddel	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
Miljøverkemiddel	Regionale miljøprogramtilskot	Jordbruksføretak	Jordbruksavtale	KOM	Ldir	FM
	Klima- og miljøprogram	Forvaltninga, organisasjoner, jordbruksføretak	Jordbruksavtale	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til tiltak i beiteområde	Jordbruksføretak og beitelag	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket	Jordbruksføretak og andre	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til drenering	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til utsiktsrydding i kulturlandskapet	Føretak	Forskrift	FM	Ldir	Ldir
	Tilskot til tiltak i verdsarvområde og utvalgte kulturlandskap i jordbruket	Jordbruksføretak og andre	Jordbruksavtalen	FM	Ldir	-
Økologisk landbruk	Omleggingstilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Arealtilskot	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Tilskot til økologisk husdyrproduksjon	Jordbruksføretak	Forskrift	KOM	Ldir	FM
	Føregangsfolk - økologisk landbruk	Jordbruksføretak, marknadsaktørar m.v.	Jordbruksavtalen	FM	Ldir	-

|

|

|



Fylkeskvoter 2016

Vedlegg 2

Kommunale midlar til spesielle miljøtiltak, tilskot til drenering, tilskot til tiltak i beiteområde, nærings- og miljøtiltak i skogbruket, skogbruksplanlegging med miljøregistreringar, midlar til klima- og miljøprogrammet og midlar til landbruksvikarverksemد.

Fylke	Kommunale midlar til spesielle miljøtiltak (SMIL)	Tilskot til drenering	Tilskot til tiltak i beite- område	Nærings- og miljøtiltak i		Skogbruks- planlegging med miljø- registrering ar	Klima- og miljøprogr am	Landbruksvik ar-verksemد	Tilskot til kommunal veterinær- dekning og stimulerings- tilskot
				Skogkultur, tynning, miljøtiltak o.a.	Vegbygging og drift m/taubane m.m.				
Østfold	8 400 000	0	0	3 100 000	3 000 000	850 000	300 000	1 351 000	
Oslo og Akershus	8 500 000	0	250 000	2 500 000	2 000 000		440 000	1 351 000	
Hedmark	7 800 000	0	1 100 000	10 800 000	10 000 000	3 000 000	700 000	4 323 200	623 403
Oppland	7 400 000	0	1 100 000	7 800 000	10 000 000	1 800 000	380 000	7 160 300	
Buskerud	6 000 000	0	650 000	6 300 000	8 000 000	200 000	390 000	2 161 600	181 964
Vestfold	4 100 000	2 000 000	0	3 200 000	4 000 000		370 000	1 080 800	
Telemark	2 700 000	500 000	250 000	4 200 000	6 000 000	850 000	180 000	1 621 200	844 417
Aust-Agder	2 100 000	1 000 000	150 000	3 800 000	5 500 000		150 000	1 215 900	1 137 903 *
Vest-Agder	2 000 000	0	300 000	3 100 000	5 500 000	1 000 000	130 000	1 621 200	
Rogaland	8 000 000	2 000 000	200 000	2 100 000	4 000 000	1 200 000	550 000	6 619 900	
Hordaland	5 400 000	1 000 000	550 000	1 500 000	9 000 000		350 000	5 133 800	1 526 476
Sogn og Fjordane	5 900 000	500 000	850 000	1 400 000	8 000 000		200 000	5 268 900	844 417
Møre og Romsdal	5 300 000	2 000 000	500 000	3 300 000	8 000 000	1 600 000	180 000	5 268 900	1 065 431
Sør-Trøndelag	7 200 000	1 000 000	900 000	5 400 000	9 500 000	1 200 000	400 000	5 809 300	623 403
Nord-Trøndelag	7 000 000	1 000 000	750 000	8 500 000	10 000 000	4 000 000	430 000	4 728 500	623 403
Nordland	5 200 000	3 000 000	800 000	3 300 000	5 500 000	1 100 000	450 000	6 484 800	1 991 621
Troms	1 200 000	0	600 000	2 300 000	4 500 000		280 000	2 566 900	1 550 941
Finnmark	800 000	0	50 000	400 000	500 000	200 000	120 000	1 080 800	1 991 621
TOTALT	95 000 000	14 000 000	9 000 000	73 000 000	113 000 000	17 000 000	6 000 000	64 848 000	13 005 000

*Felles fylkesvote for Aust og Vest-Agder

Postering		Forskrifts-type	Hjemmel
SMIL	STILK	500	01
	IMT	34	01
	MOMLE	382	01
	Område-tiltak	207	02
NMSK	Miljø-tiltak	401	01
	Taubane m.m.	405	01
	Skog-kultur	406	01
	1. gangs-tynning	407	01
	Andre tiltak	421	01
	Veg-bygging	482	01
	Skogbruks-planlegging	480	01
	Kystsksog-bruk	484	01
	Drenering	505	01
	Klima- og miljøtiltak	207	01
	Tiltak i beite-områder	234	02

Vedlegg 3.

Møtekalender for 2016 – Landbruksdirektoratet

Tidspunkt	Tema	Sted	Ansvarlig
11.-12.1.	Samling for landbruksdirektørar	Oslo	LMD
17.2.	Pressregionsamling – embete med størst press på jordbruksareal	Østfold	Ldir
17.-18.2	Samling føregangsfylke økologisk landbruk	Oslo	Ldir
April	Fagsamling – Utvalde kulturlandskap i jordbruket	Oslo	Ldir/ Miljødirektoratet/ Riksantikvaren
24.-26.5.	Nettverkssamling – juridiske verkemiddel	Vestfold	Ldir
1.-2.6.	Fagsamling for skogfond	Trondheim	Ldir
7.-9.6.	Arealsamling	Agder	Ldir
Juni	Fagsamling - Produksjonstilskott, avløysartilskot og ferie og fritid	Oslo	Ldir
6.-8.9	Fagsamling – skogbruk	Oppland	Ldir
September (truleg uke 36)	Fagsamling – husdyrkonsesjon	Sør-Trøndelag	Ldir
September	Fagsamling økologisk landbruk	Oslo	Ldir
September/ Oktober	Fagsamling – erstatningsordningane	Oslo	Ldir
26.-27. oktober	Fagsamling – velferdsordninger og veterinære reiser		Ldir
Oktober	Fagsamling vannmiljø og vannforvaltning	Oslo-området	Ldir
Oktober (i samband med budsjettframlegg)	Samling for landbruksdirektørane og reindriftsdirektørane	Oslo	LMD/Ldir
November	Fagsamling – kontroll, 2 dager	Oslo-området	Ldir
November	Fagsamling for reindriftsdirektørane – oppgåver 2017	Alta	Ldir

Fordeling av midler til Fylkesmannen - reindrift

Vedlegg 4

	Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehold		Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark	
Finnmark	Større utstyrskjøp, ATV	170.000	Telling av Vestre og Midtre sone 2015	4.620.000
	Grensegjerde Finland, vedlikehold gjerde	4.300.000	Deler av kostnader for telling 2015	200.000
	Grensegjerde Russland	300.000	Bruksregelprosjekt	590.000
	Befaringer, helikopter, vedlikehold av utstyr	300 000	Reindriftsdirektør	800 000
	Sum	5.070.000	Sum	6.210.000
Troms	Vedlikehold av grensegjerde, Norsk Finsk reinbeitekonvensjon	200.000		
	Vedlikehold av 3 disponible hytter	150.000		
	Helikopterbefaringer ifm konvensjonsområdene, bygg, ulovlig beiting	150.000		
	Større utstyrskjøp	150.000		
	Sum	650.000		
Nordland	Vedlikehold grensegjerde i konvensjonsområdet, ildbruben rbd	450.000		
	Befaring ifm med ordningen fjerning gammelt gjerdemateriell	50.000		
	Sum	500.000		
	Vedlikehold grensegjerde mellom Skæhkre/Gasken og Kall Sameby. Videre befaring av utvalgte gjerdestrekninger i 2016 for å få status	190.000		
Sør-Trøndelag	Sum	190.000		
	Vedlikehold grensegjerde Sverige	230.000		
	Vedlikehold sperregjerde Aursundlia	154.000		
	Vedlikehold Femundsenden - Drevsjømoen og Lillebgo	38.000		
	Sperregjerde Korssjøen og Grådalen	24.000		
Sør-Trøndelag	Oppgradering av hytte i Skarpdalen	55.000		
	Sum	501.000		
	Totalt	6.911.000		
			6.210.000	

|